



AGDER FYLKESKOMMUNE
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.: 2025/26-11 | Sakshandsamar:
Rita Hansen
rita.hansen@setesdal.no

Dato
29.09.2025

HØYRINGSUTTALE - SKULE- OG TILBODSSTRUKTUR FOR VIDERAGÅANDE SKULAR I AGDER 2026-2030

Styret i Setesdal IPR vedtek å sende følgjande høyringsuttale om skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Agder 2026–2030 til Agder fylkeskommune:

Når det gjeld region Indre Agder og skildringane i høyringa om at elevtalet er stabilt lågt, vil vi peike på at prognosar for elevtalsutvikling viser ein liten oppgang fram mot 2034, med + 5 %. Dette i motsetnad til det prognosane viser for dei andre regionane. Vidare er elevtalet for region Indre Agder stabilt fram mot 2040. Vi meiner at den positive elevtalsutviklinga i Indre Agder òg må sjåast som positiv for utviklinga av tilbodsstrukturen ved vidaregåande skular i Indre Agder, og då særleg ved Setesdal vidaregåande skule og Byremo vidaregåande skule.

Vidaregåande skular i Indre Agder må ha eit breitt nok tilbod til ungdomane i det geografiske området som skulene dekkjer, samstundes som dette òg kan føre til å utvide skulen sitt søkjargrunnlag. Det er av stor betydning at fleire programfag blir oppretthaldne ved Setesdal- og Byremo vidaregåande skuler, slik at skulene framleis er ein attraktive. Eit attraktivt skuletilbod har stor betydning for at elevar kan ta vidaregåande opplæring lokalt. Dette meiner vi har innverknad på å auke gjennomføringa av vidaregåande opplæring.

Dei vidaregåande skulane i Indre Agder er nøkkelinstitusjonar for regionen og har stor betydning både for ungdomane sine moglegheiter og for næringslivet i regionen. Lokalt arbeidsliv etterspør fagarbeidarar innan bygg- og anlegg, transport og logistikk, samt industri og tekniske fag. Samstundes er det viktig å oppretthalde eit studieførebuande tilbod slik at ungdom som ønskjer høgare utdanning, kan starte utdanningsløpet sitt lokalt. Skule- og tilbodsstruktur må tilpassast lokale behov og etterspurnad, både med tanke på elevane sine utdanningsønskje og behova til regionens næringsliv.

Vi meiner òg det er viktig med eit breitt tilbod, slik at ein får ei god samansetjing av både gutar og jenter i elevmiljøet, og med både studiespesialisering og yrkesfag. Dette er med på å skape eit godt og inkluderande skulemiljø.

Setesdal vidaregåande skule, avdeling Valle, har nasjonal betydning for rekruttering til eit unikt handverksfag og kulturarv. Flytting vil svekke eit robust og velfungerande utdanningstilbod, og stride mot både regionale og nasjonale mål om yrkesfag og desentralisert utdanning. Agder fylkeskommune bes vidareføre og styrkje avdelinga i Valle.

For å sikre attraktivitet meiner Setesdal IPR at dei I vidaregåande skule må:

- halde oppe både yrkesfaglege og studieførebuande tilbod
- oppretthalde fag som bygg- og anlegg, transport og logistikk, teknologi- og industrifag, helse- og oppvekstfag, samt studiespesialisering
- sikre god kjønnsbalanse og variert elevmiljø
- vidareføre ordninga med halve klassar i distrikta, med tilpassa finansiering
- vidareutviklast som regionalt utdanningssenter, med tilbod til vaksne, desentraliserte studiar og etter- og vidareutdanning
- oppretthalde gull- og sylvsmedutdanninga ved avdelinga i Valle

Vi ser med uro på at relativt mange søker seg ut. For å snu denne utviklinga må ein oppretthalde og utvikle eit breitt og attraktivt tilbod lokalt.

Setesdal IPR meiner det bør vurderast å styrkje kapasiteten for strategisk omdømmebygging og marknadsføring av Setesdal vidaregåande skule. Rådet stiller gjerne opp som bidragsytar i dette arbeidet, dersom det blir vurdert som

føremålstenleg.

Skulen sin elevheim bør vurderast oppgradert til dagens standard. Det er ikkje lenger internatdrift på skulen, og elevheimen er å rekne som eit hybel- og leilegheitsbygg. Standarden på dette er ikkje i samsvar med kva ein kan forvente i utleigemarknaden. Elevheimen kan og bør utviklast til eit konkurransefortrinn for skulen. Gitt andre forslag i rapport frå Norconsult, kan elevheimen ved avdeling Hornnes bli det einaste hybeltilbodet Agder fylkeskommune sjølv eig. Fylkeskommunen har òg ein lovfesta plikt til å leggje til rette for bustads moglegheiter for dei som ikkje kan bu heime under vidaregåande opplæring.

Prinsipp som at «Elever på Vg1 bør kunne bo hjemme» er urealistisk. Kollektivtilbod og timeplanar må tilpassast elevane sine reisebehov. Timeplan bør justerast slik at dei som ønskjer det kan reise heimanfrå måndag morgon i staden for sundag ettermiddag, slik dei må gjere nå.

Setesdal IPR meiner at generelle prinsipp for skulestruktur ikkje kan praktiserast mekanisk ut frå økonomi og tal på elvar aleine i distrikta. Også overordna mål om inkludering, gjennomføring, levende lokalsamfunn og utvikling i heile Agder må vektleggjast.

Setesdal IPR meiner det er avgjerande at Setesdal vidaregåande skule og Byremo vidaregåande vert vidareført og styrkt. Skulene er nøkkelinstitusjonar med avgjerande verdi for ungdom, lokalsamfunn, næringsliv, kultur og samfunnsutvikling i regionen vår.

Endringar i andre delar av Agder, må ikkje skje på ein måte som gjer at distrikta i fylket blir ytterlegare svekka i konkurransen om attraktive linjer. Det må leggjast vekt på heilskapleg utvikling i Agder – der òg regionen vår må få høve til å vere ein vekst[1]og utviklingsregion. Ei svekking av vidaregåande skule kan raskt få ringverknader for busetjing, rekruttering av arbeidskraft og samfunnsutviklinga i heile indre Agder.

Avslutningsvis vil Setesdal IPR understreke at Agder fylkeskommune i investeringsbudsjett har satt av 60 mill. kroner til yrkesfagbygg ved Setesdal vidaregåande skule, avdeling Hornnes (10 mill. i 2024 og 50 mill. i 2025). Det er

avgjerande at denne løyvinga blir følgd opp og realisert snarast. Dette vil bidra til å styrke rekrutteringa, auke attraktiviteten og sikre tidsmessige og relevante rammer.

Med helsing
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen
dagleg leiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur